



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Tenesteval for helse og omsorg  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda Rådhus  
**Dato:** 14.06.2018  
**Tid:** 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Arne Ullaland	Medlem	AP
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Helse- og omsorgssjef
Frank Ose	Teamleiar Hamna Dagsenter, OS 28/18
Elin Høydal Vatne	Leiar rus- og psykisk helseteneste, OS 29/18
Odd Harald Sundal	Miljøarbeidar, OS 29/18
Anja Roen	Miljøarbeidar, OS 29/18
Sigurd Skarsvåg	Miljøterapeut, OS 29/18



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
OS 28/18	<b>Synfaring Hamna dagsenter</b>
PS 18/18	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
PS 19/18	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 20/18	<b>Orienteringssaker</b>
OS 29/18	<b>Orientering om STYRK arbeid</b>
OS 30/18	<b>Kommunesamanslåing - tenestestruktur og framtidsbehov</b>

### **OS 28/18 Synfaring Hamna dagsenter**

#### **Handsaming:**

Det vart tatt opprop ved Hamna dagsenter, fem røysteføre.

Teamleiar Frank Ose orienterte om drifta på Hamna dagsenter, og viste medlemmane av tenesteutvalet for helse og omsorg rundt på avdelingane. Han orienterte om arbeidet brukarane har på Hamna dagsenter, blant anna produksjon av tennbrikkettar, tepper og lys. Tenesteutvalet for helse og omsorg fekk innblikk i korleis dei tilsette på dagsenteret jobbar for å lage ein best mogleg kvardag for alle brukarane.

### **PS 18/18 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Handsaming:**

Ivar Otto Kristiansen møtte då tenesteutvalet for helse og omsorg kom tilbake på Rådhuset etter synfaringa, kl. 14:25.

Seks røysteføre.

#### **Innkalling:**

Det var ingen merknadar til innkallinga.

#### **Sakliste:**

OS 28/18 – Synfaring Hamna dagsenter vart flytta først på saklista av praktiske grunnar.

#### **Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 19/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

#### **Handsaming:**

Det var ingen merknadar til møteprotokoll frå førre møte 16.05.18

#### **Røysting:**

Møteprotokoll frå førre møte 16.05.18. vart samrøystes godkjent.

### **PS 20/18 Orienteringssaker**

### **OS 29/18 Orientering om STYRK arbeid**

#### **Handsaming:**

Leiar for rus- og psykisk helseteneste, Elin Høydal Vatne orienterte om Styrk arbeid, som er eit lågterskel arbeids- og aktivitetstilbod for å skape ein betre kvardag for den enkelte brukar. Styrk har mange store og små oppdrag, blant anna skogrydding i Elvadalen, og no måling av Austefjord kyrkje.

### **OS 30/18 Kommunesamanslåing - tenestestruktur og framtidsbehov**

#### **Handsaming:**

Helse- og omsorgssjef Svein Berg-Rusten orienterte om kommunesamanslåing og korleis det vil påverke helse og omsorg-sektoren. Han viste den administrative hovudstrukturen for nye Volda kommune, der leiargruppa er bestemt, med unntak for sjef for sektoren samfunnsutvikling, som skal lysast ut.

Møte slutt 15:55.

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
15.06.18.

Sunniva Utnes  
Konsulent